



SAKSHANDSAMAR
Elisabeth Nordling

VÅR DATO
15.05.2023

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
23/01257-3

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Herlov Kåre Øverland
Ragnhild Schibbyes veg 21
0968 OSLO

Øverland nordre - Avgjerd av klage på tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429, post 71.

Me viser til dykkar klage, Digisak-ID 158874, datert 30. mars 2023. Klaga gjeld Vestfold og Telemark fylkeskommune si avgjerd på søknad om tilskot etter forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie (FOR-2021-08-13-2508).

Klaga er motteke innan klagefristen og blir behandla.

Me har ikkje motteke nokre merknader frå dykk til saksframstillinga frå fylkeskommunen, datert 14. april 2023. Fristen har gått ut, og saka er tilstrekkeleg opplyst.

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og kome til at det ikkje er grunnlag for å gjera om vedtaket. Klaga blir ikkje teken til følge.

Bakgrunn for saka

De søkte om 115 250 kroner i tilskot til istandsetjing av delar av den freda hovudbygninga på Øverland nordre i Seljord kommune.

Vestfold og Telemark fylkeskommune fatta vedtak om tilskot på opptil 60 000 kroner 28. februar 2023.

De klaga på storleiken av tilskotet i Digisak 30. mars 2023.

Innhaldet i klaga

I klaga takkar de for tilskotet, men ber om ei ny vurdering. De skriv at de har hatt store utgifter i samband med ei svært omfattande istandsetjing av hovudbygninga – med utskifting av botnsviller/golvåsar, og store råteskader elles – som etter kvart nærmar seg ein kostnad på

1 million kroner. Sidan søknaden dykkar gjeld restaurering av den freda delen av hovudbygninga, meier de at dette må koma inn under nemninga fullfinansiering.

Vestfold og Telemark fylkeskommune si vurdering av klaga

Fylkeskommunen viser til at tunet på Øverland nordre består av fleire bygningar som saman utgjør eit lite bygningsmiljø med svært høg kulturhistorisk verdi, men at det berre er stovebygninga mot sør (ID86843-1), loftet (ID86843-2) og buret (ID86843-3) som er freda. Vedtaket om tilskot gjeld den delen av stovebygninga som er freda.

Fylkeskommunen opplyser at dei er kjent med dei omtala kostnadane knytt til prosjektet på den ikkje-freda delen av stovebygninga/våningshuset, og påpeikar at dei også har gitt tilskot frå fylkeskommunale midlar til dette prosjektet. Sjølv om de har forståing for at dei samla kostnadane vert store, er fylkeskommunen nøydde til å vurdere prosjektet på den freda delen av bygninga uavhengig av den ikkje-freda delen.

Ei tildeling som dekkjer omtrent 52 % av kostnadane blir sett på som rimeleg. Fylkeskommunen har gjort ei samla vurdering av eigarskap, kor tyngande oppgåver de har knytt til freda bygningar, kulturhistorisk verdi, tilstandsgrad, antikvariske meirkostnadar og samanlikning med andre tilsvarende søknadar.

Riksantikvarens vurdering

Formålet med tilskotsordninga er å verna freda kulturminne og kulturmiljø i privat eige og å bidra til at slike blir sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Tilskotsordninga skal sikra kulturminne og kulturmiljø sin verdi som kjelde, at føresetnadar for å gi opplevingar blir tekne vare på, og leggja til rette for berekraftig verdiskaping og bruk.

Søknadsbeløpa om tilskot er langt større enn totalt tildelte nasjonale midlar over Statsbudsjettet. Difor må både Riksantikvaren og regionalforvaltninga gjennomføra strenge vurderingar ved fordelinga. Forskrifta for tilskotsordninga legg nokre overordna føringar og rammer for tildelinga av tilskot. Innanfor desse rammene kan fylkeskommunen ha eigne prioriteringar og utvisa eige politisk skjønn, så lenge søknadene og tiltaka oppfyller krava i søknaden. Det er Vestfold og Telemark fylkeskommune som prioriterer tiltak og vurderer kva ein ønskjer å få ut av tilskotsmidlane, som blir fordelte mellom fylkeskommunane av Riksantikvaren.

Tilskot kan givast til istandsetjings- og vedlikehaldstiltak av kulturminne og kulturmiljø som er freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot skal dekkja

meirkostnadar, heilt eller delvis, som følgjer av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel. Riksantikvaren er samd med fylkeskommunen i at prosjektet på den freda delen av bygninga må vurderast uavhengig av den ikkje-freda delen av bygninga.

Som hovudregel skal tilskotet ikkje overstiga 50 % av dei totale kostnadane i det enkelte prosjektet. Unntak frå dette må vurderast i lys av verdien av kulturmiljøet, nytta av kulturmiljøet og om det finst eit særleg stort vedlikehaldsansvar i forhold til nytta. I dette tilfellet har fylkeskommunen innvilga omtrent 52 % av dei totale kostnadane. Grunngevinga for vedtaket er basert på dei føringane og prioriteringane som var lagt til grunn for tildelinga. Riksantikvaren kan ikkje sjå at fylkeskommunen har fatta vedtak på feil grunnlag, eller i strid med føringane i forskrifta. Direktoratet finn difor ikkje grunnlag for å overprøva prioriteringane frå Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Avgjerd

Riksantikvaren meiner at fylkeskommunen si vurdering av søknaden er korrekt og at det ikkje er gjort sakshandsamingsfeil som kan har virka inn på vedtaket. Klaga blir ikkje teken til følgje.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Beste helsing

Anne-Judith Munthe-Kaas
avdelingsdirektør
leiar Juridisk seksjon

Elisabeth Nordling
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vemund Olstad, Seksjon for digitale tjenester/ Vestfold og Telemark fylkeskommune,
Postboks 2844, 3702 SKIEN